



Referat SU/SMU

Til stades:	Anne Kristin Haugen (leiar FAU), Mona Ekse Lien (SMU representant), Julie Syversen Flaget (lærer), Liv Mette Buseth (andre tilsette), Sigrun Jorde (avd.leiar), Mariann Haugen (lærer) Sanna Mortenson Søndrol (elevrådsleiar) og Ellen Ellingsgard (rektor/sekretær)
Fråverande:	Eldbjørg Nedrestøl (politikar), Vemund Ystad Aasen (nestleiar elevrådet), Morten Slettemoen (nestleiar FAU) – politisk representant vart spurt seint og kjem frå og med neste møte
Møtegruppe:	SU/SMU (Samarbeidsutval og skulemiljøutval)
Møtestad:	Klasserom på Nedre-Ål skule (til venstre før pers.avd.)
Møtetid:	Onsdag 24.09.25, kl. 19.00 - 20.30

Referat frå SU/SMU-møte på Nedre-Ål skule.

Sak 18/25: Godkjenning av innkalling og agenda

Godkjend

Sak 19/25: Godkjenning av referat

Referat frå førre møte vart ved ein feiltagelse ikkje sendt ut. Det vert sendt ut no til nytt SU og godkjent neste møte.

Sak 20/25: Konstituering: Leiar, nestleiar, smu-rep og sekretær

Leiar: Anne Kristin Haugen

Nestleiar: Morten Slettemoen

SMU-rep: Mona Ekse Lien

Sekretær: Rektor/avdelingsleiar



Sak 21 /24: Elevrådet har ordet

Elevrådet har hatt eit møte så langt dette skuleåret.

Dei har drøfta ulike forslag til kva sosiale ting dei skal gjere i løpet av året for alle elevane på skulen. Har mange forslag som me skal drøfte med klassane våre. Forslag er temadager og kino i gymsalen. Har også lyst til disco og pizza.

Elevrådet har laga reglar for betongparken.

Ikkje lov å kaste stein i betongparken

Ikkje stoppe med ein gong dei kjem nedi parken.

Maks tre om gangen.

Betre køsystem.

Flink til å bytte på lånesyklane våre.

Leiar og nestleiar skal vere med på opninga

Sak 22/24: Aktuelle saker frå FAU v/leiar og nestleiar i FAU

Fyrste møte har dei jobba ein del med val og rollefordeling.

Har begynt å snakke litt om haldningsarbeid rundt mobilbruk for barn og unge.

Nokre foreldre ønsker at FAU skal sjå vidare på mobilbruk blandt elevane. FAU ynskjer at når det blir sendt ut invitasjon til bursdag bør det stå at det er mobilfritt. Haldningsskapande arbeid, også blandt foreldra.

Attendemelding frå FAU at det kan foregå speling o.l på smartklokker i timane. Tilsette fortel at klokkane blir samla inn på dei minste trinna. Gjennomgang på skulen korleis me skal handtere dette.

Sak 23/24: Informasjon v/rektor

- Skulemiljøet – status

Me er veldig fornøyd med det nye uteområdet vårt. Veldig fin aktivitet og alle born i lek.

Nye tilsette fortel dei opplever lite konflikter i vårt elevmiljø og i uteleiken.

Nokre saker er det på skulen no også, men ingen store saker. Den tydelegast forskjellen er at miljøet blir mykje mindre hardt. Det er mykje lettare å halde seg i lek. Mindre blinke flekkar der elevar 'forsvinn' eller gøymer seg unna. Me ser glade ungar.

Ellers miljømessig synast skulen det er ganske fredelig. Jobba mange år med skulemiljø og me ser gode resultat av det.

Skulen hadde også tilsyn i fjor med tanke på meldeplikten og tiltaksplikten. Me har gjort ein del endringar og presiseringar mtp vårt system for melding og handtering.

- Skuletur 7.trinn/leirskule framover – prosess

Siste året i år med foreldrestyrt tur. Frå neste år skal det liggje fast leirskule til 7.trinn i Ål kommune. Det foregår ein diskusjon no om den skal liggje på hausten eller våren. Skal ein halde på Knattholmen eller skal ein vurdere ny arena. Det må vere tre tilbydarar og Knattholmen vil vere ein av dei. Tema med sjø og hav ynskjer ein fortsatt.

For Nedre-Ål skule vil det vere absolutt best om leirskulen blir lagt til hausten. Våren er veldig travel for 7.trinn med forestilling, Kompani Tøn osv.

Sak 24/24: Møteplan for skuleåret

Neste møte blir onsdag 12.november. Vidare plan blir lagt då og samkøyrd med SUKO sin møteplan.

Sak 25/24: Evt.

Ingen eventuelt saker

Ellen Ellingsgard
Ref.